

## **STYRETS FORSLAG TIL VEDTAK:**

### SAK 3 Regjeringa si fiskeripolitikk

Styret inviterer årsmøtet til å fatte slikt vedtak:

Årsmøtet i Pelagisk Forening tar presentasjonen til statssekretær Vidar Ulriksen til orientering.

Fiskeriregelverket har blitt bygd stein på stein i eit årelangt samarbeid mellom næring og myndighetene. Gjennom tidene har det vore mange harde diskusjonar mellom dei involverte, men resultatet har blitt eit regelverk som i stor grad fungerer, sikrar alle sine interesser, at det ikkje er overfiske, men òg at fastsette kvantum blir fiska. Ressursvernet står i høgsetet, men også yrkesvernet til fiskarane er ein vesentleg del av reguleringane.

Deler av fiskeriregelverket er svært innfløkt, men endring og forenkling har vist seg å være vanskeleg. Alt heng saman med alt, og endringar kan medføre konsekvensar som ikkje var tilsikta. Difor er det uheldig å gjera vesentlege endringar utan at det er behov for det, og utan grundige konsekvensutgreiingar. Endringar må òg skje i samarbeid med næringa.

Grunnsteinane i fiskerireguleringane er deltakarlova og fiskesalslagslova. Deltakarlova sikrar ein differensiert fiskareigd flåte. Noko som er av stor betydning for m.a. innovasjon, kvalitet, verdiskaping og arbeidsplassar i distrikta. Fiskesalslagslova sikrar at alle fiskekjøparar har same høve til å konkurrera om råstoffet. Både etablerte, nyetablerte, små og store fiskekjøparar har same høve til å kjøpa råstoff. Dette sikrar konkurranse om råstoffet, innovasjon, og størst mogeleg nasjonal verdiskaping. Deltakarlova, og fiskesalslagslova, har fungert godt i mange år, og har vist seg å ha livets rett. Årsmøtet meiner at deltakar- og fiskesalslagslova er svært viktige.

Etter vesentlege endringar blei kvotemeldinga vedtatt. På enkelte område er det noko uklårt kva som blei vedtatt, og det blei naudsynt med konsekvensutgreiingar.

Pelagisk Forening er m.a. imot forslaget om samanslåinga mellom pelagisk trål og ringnot. Samanslåing er ikkje naudsynt, og det er stor fare for negative verknadar for enkeltaktørar. Konsekvensane er ikkje utgreia. Spesielt gjeld dette konsekvensane for samfunn langs kysten.

Pelagisk Forening meiner òg at strukturkvotar som går ut skal tilbakeførast til gruppa der strukturkvoten kjem i frå, som i Stortinget sitt vedtak i samband med kvotemeldinga.

Kvotemeldinga bar preg av hastverksarbeid, og politisk prestisje. Pelagisk Forening meiner at det ikkje bør gå politisk prestisje i ei "Kvotemelding 2,0", eller at det blir gjort endringar berre for endringane sin del.

Det siste halvåret har bunkersprisane auka kraftig. Dels pga. auka marknadsprisar, og dels på grunn av auka avgifter. Det kan føra til mindre fiskeri, og at produksjon av miljøvennleg, rimeleg, og sunn mat kan bli redusert. I verste fall vil enkelte marginale fiskeri kunne bli ulønsame, og opphøyra heilt. Pelagisk Forening ber ikkje om subsidiert drivstoff, og meiner at fiskarane òg må gjera det dei kan i det grønne skiftet. I det grønne skiftet er det likevel viktig å sjå heile biletet, slik at fisk ikkje blir erstatta av mat med større miljøavtrykk, som ein konsekvens av miljøavgifter. Det må såleis ikkje vera miljøavgifter som verkar mot føremålet. Miljøavgifter skal heller ikkje vera fiskalavgifter.

Årsmøtet merker seg òg at det blir stadig fleire, og større, avgifter på vår fiskeriverksemd. Dette er ei utvikling som me ikkje støttar, og årsmøtet meiner at tolegrensa for avgifter er nådd.

Årsmøtet er positive til NFD sitt arbeid for auka likestilling i fiskerinæringane, og meiner at mangfald er viktig i seg sjølv, og for at næringa skal bli lytta til av politikarar og forvaltninga.

Årsmøtet er tilfreds med foreininga sitt arbeid mot trassaksering, og for gode arbeidsmiljø både på sjø og land.

Sjølv om Pelagisk Forening har hatt kvinneleg styreleiar, og har kvinneleg dagleg leiar, meiner årsmøtet at det likevel er viktig å ha fokus på likestilling framover. Årsmøtet er tilfreds med at Pelagisk Forening har fleire kvinnelege deltakarar på programmet på dette møtet.